

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



**NR. 5 ADVENT 2013
38. ÅRGANG**

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Per Inge Hove	56 19 22 85
Baard Eikaas	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Per Inge Hove	976 57 481
Organist Baard Eikaas	936 72 224

Kyrkeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
Margrethe R. Ådland, Audun Mosevoll,
Jan Roald Myking, Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjeheising redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy

TRYKK: BODONI



Det er snart jul, og handelsnæringa har visst om det lenge. Sjølv om kyrkjeåret tek til med advent, kan det sjå ut til at handelsåret er ennå tidlegare ute i løypa. Glitter og stas såg vi allereie midt i november i mange butikkar.

Eg skal også henta fram julepynten min etterkvart. Eg har nokre sesongarbeidarar som har hatt pause sidan januar ein gong då dei blei stua inn i det kottet vi har pynten i. Det er desse rare figurane som ungane våre laga i barneskuleåra, skakke og ein-auga, med tusj-munn og vatt-skjegg. Ikkje heilt reinskårne i trekka, men like velkomne kvart år.

Biletet på framsida er noko meir forseggjort. Forteljinga vi alle kjenner, grunnlaget for julefeiringa, er her framstilt av ein tysk målar som flytta til Belgia og blei kjend der. Namnet hans er *Hans Memling*, og han arbeidde i den kunstperioden vi kallar renessansen. Han var fødd kring 1435 og døydde i Brugge i 1494. Kunstverket er måla på trepanel i tempera-teknikken, altså ikkje med oljemaling. Det er midtpartiet av ei altertavle vi ser som no er å finna i Prado-museet i Madrid, men som opphavelig stod i ei kyrkje i Flandern.

Kunstnaren har laga ei scene i forgrunnen der handlinga går føre seg: Dei tre vise menn kjem med sine gåver til Maria og barnet. Josef, i raudt, er tilskodar til hendinga. Maria, som slik vi ser henne gjerne kunne vore ei nordeuropeisk kvinne, set med barnet og tek imot. Vismennene er framstilde heilt etter tradisjonen. Den gamle, Melchior, som knelar ved barnet, kjem med gull. Til venstre står ein ung mann, Caspar, med røykjelse. Og til høgre med mørk hudfarge, Balthazar, som har med seg myrra. Dei er kledd som rikfolk frå målaren si samtid, legg til dømes merke til at alle går med spisse sko og trange "strømpebuksar". Slik var moderne på kontinentet kring 1470, då målarstykket blei laga. Balthazar har ein eksotisk drakt på seg, og øyrering!

Oksen og eselet har også sin faste plass. Stallen er framstilt som eit lite kapell, og vi ser ut mot eit bylandskap i bakgrunnen: Betlehem. Forvitne menneske kikkar inn frå sidene.

Ein effekt ved å mala bibelske historier inn i si eiga samtid slik vi ser eit døme på her, var at handlingane kunne opplevast som aktuelle. Det kunne ha skjedd no, med slike menneske som oss sjølve. Når folk samla seg framføre altertavla kledd i festdraktar som dei på biletet har på seg, var det mest som om biletet fortsette ut i kyrkjerommet.

- Kristoffer Foldøy

NORDNORSK JULESALME

Velsigna du dal over fjordan, velsigna du lys over land.
Velsigna de evige ordan, om håp og ei utstrakt hand.
Verg dette lille Du gav oss, den dagen Du fløtta oss hit.
Så vi kjenne Du aldri vil la oss forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa, men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visseleg sanna: Vi er hardhausa, vi som Du.
Nu har vi den hardaste ria, vi slit med å kave oss frem
Mot lyset og adventsti`a det er langt sør tel Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen, la det gro der vi bygge og bor.
Guds fred over dyran på båsen, og ei frossen og karrig jord.
Du ser oss i mørketidslandet, Du signe med evige ord
Husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.

Trygve Hoff



Kaare Espolin Johnson: "Juksafiskere"

PRESTEBILETE I GJERSTAD KYRKJE

Då soknerådet pussa opp prestesakristiet i Gjerstad kyrkje tidlegare i år, fann dei ut at fleire burde få sjå alle bileta av gamle prestar som hang der. No er dei flytta ut i våpenhuset. Der kan du sjå biletet av alle prestane i soknet i nesten 200 år. Det eldste biletet er av Heiberg (1825-1834), og det yngste er av Johannes Melve (1997-2010). Der er òg eit bilet som viser kyrkja utanpå og inni då ho var ny.

- *Kari Hauge*




NYTT VEGGTEPPE I GJERSTAD KYRKJE

Denne hausten kom det eit nytt teppe på veggen i Gjerstad kyrkje. Motivet er ein engel. Kanskje ikkje så godt å sjå, men så veit me vel ikkje heilt korleis englar ser ut. Det er ikkje så mange av oss som har sett desse skapningane som me les om i Bibelen. Men me har hørt om namngitte englar som Gabriel og Mikael og hærskarar av englar over Betlehemsmarka.

Denne gjerstadengelen er voven av Marta Kløve Juuhl og ho som har designa teppet heiter Rigmor Bové. Det tek tid å få til eit slikt stort teppe frå første utkast og til teppet kan klippast laust frå veven. Ullgarnet kjem frå Hillesvåg ullvarefabrikk og det gjekk med seks kilo ull berre til renninga, til innslaget noko mindre. Teppet er i to lag. Det var Rigmor Bové som farga renninga. Fargane skiftar, noko me kan sjå ved å ta teppet i nærrare augnesyn. Tidkrevande er det når motivet skal fram, då må vevaren plukka trådane fram frå underlaget.

Når du neste gong kjem i kyrkja på Gjerstad, kan du ta deg ein tur bortom teppet og studera teknikken og nyta synet av denne engelen i ull som har kome til oss.

- *Hild Breivik*



KYRKJELYDSBASAREN I HAUS

gjekk av staben laurdag 26. oktober. Haus musikklag gledde forsamlinga med flott musikk og Tom Tomren held andakt.

Mykje folk var samla og kjøpelysten var stor. Det var mange flotte gevinstar og vinnarlukka var ekstra stor hjå enkelte. Resultatet var og kjempeflott. Det kom inn 57765,- på sal av loddbøker , åresal og sal av mat. Ei kjempetak til alle som har støtta opp om basaren med loddsal og loddkjøp. Takk for at me vert så godt mottekne når me kjem rundt med loddbøkene. Takk og til alle som har vore med å gi gevinstar.

På vegne av basarkomiteen

Haus sokneråd og husstyret

Nils Lygre

Madli Hannisdal




PENSJONISTTUR TIL VOSS

Den 3. september arrangerte Misjons og diakoniutvalet i Haus tur til Voss for pensjonistgjengen. Me leigde O-buss og hadde med oss ein hyggjeleg sjåfør frå Langeland. Sjølv om ikkje veret var heilt strålende i starten, trøysta sjåføren oss med, at når me kjem til Evanger blir det fint ver, og slik blei det. På Voss blei me møtt av Borghild og Johannes Melve som tok imot oss utanfor kyrkja. Johannes gav oss omvising i den trauste kyrkja og fortalte litt om kyrkja si historie. Etterpå fekk me servert nydeleg middag på Smauseidlena (tidlegare indremisjonskafeen) som no er driven av eit aksjeselskap som vertsfolket er medeigarar i.

Etter middagen vart Johannes med som guide på ein liten rundtur opp til Bordalen med utsikt over Vossabygda. Rundturen gjekk og innom Mølstratunet, men her var me ikkje innom, for no var det tid for kaffi og kaker heime hjå Borghild og Johannes. Her gjekk drøsen og folk kosa seg, og dei fleste syns nok tida gjekk altfor fort, men i femtida var det tid for heimreis. Og utan tvil, då me var tilbake til Haus, var det som me skreiv i skulestilane våre: alle var einige om at det hadde vore ein fin dag og ein kjekk tur. Takk til alle som var med, og særleg takk til vertskapet vårt på Voss, Borghild og Johannes, som tok så vel mot oss og gjorde dagen så triveleg. Takk og til ein fantastisk flink og hyggjeleg busssjåfør som kjørte så fint og behageleg.

- *Madli Hannisdal*



NYE ORGANISTAR

Det er no tilsett to nye unge organistar i faste stillingar i Osterøy. Her er ein kort presentasjon.

Baard Eikaas, 25 år gamal, kjem frå Lyngdal i Vest-Agder, og har spesielt kyrkjene i Haus, Gjerstad og Bruvik som sitt arbeidsfelt. Han er utdanna kantor frå Griegakademiet, og har hatt ostringen Karstein Askeland som orgellærar. Baard likar mykje forskjellig musikk, men set særleg pris på dei klassiske meistarane Bach, Mendelsohn og Franc. Han kjenner seg godt motteken her, har registrert at vi har eit rikt og variert song- og musikkliv på øya vår og ser fram til samarbeid med dette.

Per Inge Hove er frå Vik i Sogn og er 28 år gamal. Han har drive med musikk så lenge han kan hugsa, og har utdanna seg på Griegakademiet saman med Baard. Han har også studert komposisjon og kunsthistorie. Før han kom hit, var han organist i Sandvikskirken i halvtanna år. Per Inge arbeider også som frilansmusikar innan improvisasjon og folkemusikk, og han underviser i orgelklubben Ferdinand.

Dei nye organistane på Osterøy ynskjer velkommen til
Bli kjend-konsert

Gjerstad kyrkje 27/11 kl. 20
Bruvik kyrkje 28/11 kl. 18
Haus kyrkje 28/11 kl. 20



Baard Eikaas og Per Inge Hove

presenterer, på trekkspel, trøorgel og pipeorgel verker av m.a. Bach, Reger og Hove.
Kanskje vert det også ein allsong eller to.

Etter konserten vert det sjølvsagt kyrkjekaffi med noko å bite i!

Gratis inngang/kollekt



1. rad frå v. Gunnvor Fyllingsnes, sokneprest Inge Sørheim, Ingrid Sæverås
2. rad frå v. Torunn Norheim, Rita Alise Dyrøy, Helga Berit Urhaug, Liv Karin Reigstad Simmenes, Astrid Bidne, Reidun Birkeland
3. rad frå v. Stein Asle Birkeland, Helge Horsås, Sissel Karin Veseth, Berit Johanne Utvær, Helga Holzhauser, Oddvar Reigstad
4. rad frå v. Mikal Daltveit, Steinar Atle Fyllingsnes, Arild Mostrøm, Svein Børteit, Inge Leif Sleire, Walther Eide

Fotograf Rune Solberg



1. rad frå v. Eli Helle Elsås, Reidun Solberg Bysheim, sokneprest Tom Sverre Tomren, Tove Midttun Larsen, Åshild Greve Tepstad
2. rad frå v. Bodil Skjerping Ekse, Vigdis Solberg, Edith Skår, Solveig Mæhle Mathisen, Kjell P. Løtveit, Kari Teigland Tepstad,
Britt Jacobsen Brakvatne, Torhild Hartveit Laumann, Harriet Lillejord Mjelde
3. rad frå v. Oddvar Rune Teigland, Bjørn Atle Hagenes, Erling Gjerstad, Roald Rosnes, Geir Magne Kleiveland, Rune Midttun,
Jon Kjetil Hatland
4. rad frå v. Inge Midtun, Eirik Stusdal, Nils Myking, Håkon M. Langeland, Terje Løtveit, Harald Skjerping.

Fotograf Rune Solberg



1. rad frå v. Sissel Asbjørg Espeland, sokneprest Inge Sørheim, Målfrid Norunn Bernes, Elin Eknes
2. rad frå v. Elin Merkesvik, Torunn Haukøy, Gunnvor Alice Bysheim, Gerd Unni Austgulen, Marit Hatland, Tordis Bysheim, Torhild Hanstveit
3. rad frå v. Tore Stordal, Bård Atle Hole, Øystein Padøy, Ragnar J. Tyssebotn, Ingemar Tepstad, Svein-Jarle Dyrkolbotn, John Tysse
4. rad frå v. Sigfred Inge Eknes, Gunnar Eide, Sigbjørn Smådal, Sturle Litland, Egil Martin Mjøs, Dagfinn Røsland

Fotograf Rune Solberg

Det er tradisjon i Hamre Kyrkje at når adventstida kjem, då kjem også julekrybba opp i kyrkja. Dei 3 vise menn er på vandring og kjem fram til krybba julalta saman med Maria, Josef og Jesusbarnet.

Det er også tradisjon at Soknerådet inviterer til Vismannsforedrag i byrjinga av desember. I år har vi invitert Olav Vikse frå Arna. Olav Vikse er prest og journalist og m.a. tidlegare programleiar for «Gyldne øyeblikk» i Morgenstunden i NRK P1.

Her er kva han skriv om seg sjøl og det han vil snakka om: «Kanskje eg ikkje tenkjer så veldig originale tankar? Men i mi verd blir eg aldri ferdig med å tenkje over kor priviligert eg er, ikkje minst etter å ha vore ein millimeter frå døden. For det var det han sa, professoren, då han møtte meg ei god tid etter hjerneslaget; du var ein millimeter frå at me spadde deg ned! Både før og etter har eg reist mykje. Sett anna folk og levevis. Vorten invitert inn på mat og drikke. Nokre gongar er eg vorten sjuk i magen etterpå, men rik inni meg. Kva skal eg med meir enn nok, var det ein indianar som sa til meg ein gong.

Kva er det som er viktig i livet mitt? Eg kjenner ikkje svaret, men eg skal prøve å tenkje høgt saman med dykk!»

**Velkommen til Vismannsforedrag i Hamre Kyrkje
fredag 6. desember 2013 kl. 19.00**

Arr.: Hamre Sokneråd

Kyrkjelydsbasar for Hamre!

No vil også Hamre Sokneråd få til Kyrkjelydsbasar. Soknerådet har mange oppgåver og mange av desse er heilt finansierte av gaveinntekter. Det gjeld til dømes utdeling av bøker til dåpsbarn, 4 - åringer og 11 - åringer og Bibel til brudepar. Ved hjelp av stor dugnadsinnsats vart Borgstova pussa opp i fjor, men enno står ein del arbeid igjen. Vi har og eit prosjekt med å få det gamle steinalteret under trealteret fram i lyset, og vi er ikkje ferdig med å få messekakelet i den grøne serien.

Er det nokon der ute som kunne tenkje seg å gje ei gave til basaren, så tek vi mot alle gåver med stor takk!

Basaren vert i Valestrand Bedehus (Danielsen ungdomsskule) søndag 2. februar 2014 kl. 16.00.

Kontaktpersonar: Åshild Tepstad (90574681)
**Merethe Mjelstad (91128934),
Jenny Eikeland (97717980 el mail: jingeike@online.no**

SALMAR I PALMESUS



Ved sjømannskyrkja i Calahonda, Costa del Sol, vart det utekonsert under palmane. Folk kosa seg med kaffi og kaker ute i patioen.

Frida Sofie sitt husorkester har vore på kyrkjekonsert-turne i sør-Spania. Dei tre norske sjømannskyrkjene langs kysten fekk besøk: Kyrkja i Albir, i Torrevieja og på Costa del Sol.

Det vart kjekke møte mellom orkesteret og dei norske miljøa rundt sjømannskyrkjene i Spania då orkesteret gjennomførte si spaniareise 19.- 27. oktober. Dei landa i Alicante og reiste heim att frå Malaga. To stappfulle leigebilar vart nytta til transporten. Ansvaret for konsertane stod dei ulike sjømannskyrkjene for, og det var dei tilsette organistane der som sytte for den tekniske gjennomføringa. Konsertprogrammet var ei vidareføring av "Evergreens frå Kanaan" som orkesteret sette opp på Osterøy og i Nordhordland for nokre år sidan. Konserten er samansett av kyrjeleg musikk frå ulike sjangrar i eigne musikalske arrangement. Frank Windt, som spelar gitar i orkesteret, har laga dei fleste av desse.

Orkesteret vart presentert på framsida av "Det norske magasinet" som kjem ut på Costa del Sol. Medlemmene er i bakerste rekke: Frida Sofie Borge (violin), Kristoffer Foldøy (bass), Jørgen Varden (trekkspel). Framme: Jarle Hanstveit (trekkspel), Frank Windt (gitar), Charles Skjerping (trommer). Bjørn-Tore Henriksen, Anveig Solberg og Anita Slettebakken er vokalistar.
(Orkesterfoto: Helge Aspevik)

The cover of 'Det norske magasinet' magazine features a group photo of the band members (Frida Sofie Borge, Kristoffer Foldøy, Jørgen Varden, Jarle Hanstveit, Frank Windt, Charles Skjerping, Bjørn-Tore Henriksen, Anveig Solberg, and Anita Slettebakken) performing live. The title 'NORSKE MAGASINET' is prominently displayed in large blue letters. Below the title, there is a list of names and a small sidebar with text about the sailors' church in Spain. The bottom section contains three smaller images: one of the church building, one of a man, and one of two women.

Det norske sakralmusikkene på Costa del Sol

NORSKE MAGASINET

Miljøene
Budsjett
Littlitter
Sport
Familie
Kultur
Miljø
Politikk
Helse
og mer!

Danser av brysser i Sjømannskirken på Costa del Sol

Frida Sofies husorkester

Det er ikke lenge siden kom du mest populære sjømannskirkene fra Østerøy når er på turne i Spania

Det er ikke lenge siden kom du mest populære sjømannskirkene fra Østerøy når er på turne i Spania

Det er ikke lenge siden kom du mest populære sjømannskirkene fra Østerøy når er på turne i Spania

Det er ikke lenge siden kom du mest populære sjømannskirkene fra Østerøy når er på turne i Spania

OCTOBER 2011

NORSK SALMEBOK 2013

Den norske kyrkja gjev i desse dagar ut ei ny salmebok. Arbeidet med boka har pågått sidan 2004, så salmeutvalet er ikkje akkurat tilfeldeg.


Det er 28 år sidan sist det kom ut ny salmebok for bruk i kyrkja, så dette er ei viktig hending. Ein ser på utgjevinga som ein del av gudstenestereforma som har halde på ei tid no. I 2008 kom det nye salmeutvalet ut til høyring og utprøving, og to kyrkjemøte har hatt salmeboka oppe til vurdering. Den nye salmeboka har 991 nummer, av desse er 535 salmar videreførte frå Norsk salmebok 1985, og 124 salmer kjem frå Salmer 1997. Det vil seia at det står heile 272 nye salmar i boka. Av desse er det mange nykomponerte.

I den nye salmeboka vil ein finna ei langt større sjangerbreidde enn i tidlegare salmebøker. Side om side med dei tradisjonelle salmane vil ein finna gospel, spirituals, moderne lovsong og religiøse viser. Ein har også funne plass til salmar frå andre tradisjonar enn den vesteuropeiske. Vi finn også tekstar på engelsk og andre framandspråk.

I boka finn vi 577 titlar på bokmål og 366 på nynorsk. 60 av tekstane er samiske. 26 er på engelsk, 23 på svensk og fem er på dialekt.

Boka kjem ut i fleire variantar. I tillegg til vanleg salmebok tenkt til utdeling under gudstenestene, er her også ei pocketutgåve. Bøker med forstørra skrift for dei som strevar med å lesa vanlege typar finns også, i tillegg til ei utgåve med besifra notelinje og koralbok. Besifringa skal gjera det lettare å inkludera musikkarar og band i akkompagnementet, åleine eller i samspel med orgelet.

Når det gjeld innføring av den nye salmeboka på Osterøy, skal det formelt gjerast eit vedtak i kvart sokn som må godkjennast av eit soknemøte. Fellesrådet har gjort vedtak om å dekka halvparten av inntil 100 eksemplar for kvar kyrkje. Det vert allikevel ei ganske stor investering for dei ulike sokna. Inntil vidare vil ein nok nytta dei gamle bøkene frå 1985. Trass alt finn ein over 500 titlar der som også står i den nye.





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

DESEMBER

1. desember 2013, 1. sundag i adventstida Luk 4,16-22a

Haus kl 11: Familiegudsteneste. Lys våken - ungane overnattar i kyrkja natt til sundag.. Tomren.

Hosanger kl 11: Sprell Levande Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd. Fotlandsvåg søndagsskule deltek. Takkoffer til Osterøy søndagsskulelag. Sørheim.
Gjerstad kl 19 Tema-gudsteneste. Tomren.

8. desember 2013, 2. sundag i adventstida Luk 21,27-36

Gjerstad kl 19: Lysmesse.Tomren.

Hamre kl. 17: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

Hosanger kl 20: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

11. desember 2013

Lonevåg skule kl 8:45 Skulegudsteneste. Tomren

15. desember 2013, 3. sundag i adventstida:

Hamre kl.11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl.19: Lysmesse/julekonsert. Tomren. Ungdomsskuleelevar frå Bruvik deltek. Haus musikklag. Kyrkjekaffi etterpå.

Hosanger kl.17: Vi syng jula inn-gudsteneste. Dåp. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

19. desember 2013

Hamre kl 12: Skulegudsteneste for Danielsen Ungdomsskule. Sørheim.

20. desember 2013

Gjerstad kl 11: Skulegudsteneste for Hauge skule. Tomren.

Tysdag 24. desember 2013, julafstan Luk 2,1-20

Bruvik kl.11: Familiegudsteneste.

Hosanger kl.16: Familiegudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl.14: Familiegudsteneste. Tomren. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Hamre kl.14: Familiegudsteneste. Sørheim. Hjellvik Hornorkester. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl.16: Familiegudsteneste. Tomren. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Onsdag 25. desember 2013, julenatt/ottesong Matt 1,18-25

Haus kl.12: Festgudsteneste. Tomren. Takkoffer til Lovsongsheimen. Kyrkjekaffi i prestegarden.

Hamre kl.12: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

Torsdag 26. desember 2013, 2. juledag (Stefanusdagen) Matt 2,16-23

Gjerstad kl.11: Høgmesse. Tomren.

Tysdag 31. desember 2013, nyårsaften Luk 13,16-23

Haus kl. 23: Midnattsgudsteneste. Tomren.

Hosanger kl. 23.15: Midnattsgudsteneste. Lystenning. Nattverd. Sørheim.

JANUAR

Sundag 6/1-2013, Kristi openberringsdag

Gjerstad kl 11: Lekmannsgudsteneste.Madli Hannisdal. Takkoffer til NLA.

Hamre kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Sundag 13/1-2013, 2. sundag i openberringstida

Haus kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren. Avskil med Kantor Kåre Rivenes. Takkoffer til kykjelyden sitt kyrkjemusikalske fond. Arrangement i kyrkjelydshuset etter gudstenesta.

Hosanger kl 19: Ungdomsgudsteneste. Nattverd. Markering av starten for Ungdomsåret i Bjørgvin bispedømme. Sørheim.Osterøy Gospelkor deltek.

Sundag 20/1-2013, 3. sundag i openberringstida

Bruvik kl 11: Familiegudsteneste. Dåp.Tomren.

Sundag 27/1-2013, Såmannssundagen

Hamre kl 11: Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd. UtDELING av Godt Nytt til 11-åringane. Sørheim. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Gjerstad kl 11: Ungdomsgudsteneste. Tomren. MARKERING av starten på Bjørgvin Bispedømme sitt ungdomsår. Utdeling av Godt Nytt til 11-åringane. Osterøy Gospelkor deltek. Takkoffer til KRIK Kristen idrettskontakt. Det vert kyrkjekaffi/bollar og saft etter gudstenesta. Og Osterøy bondekvinnelag syter for raspe-middag på museet mellom 12:30 og 16:00.

FEBRUAR

Sundag 3/2-2013, Kristi forklæringsdag

Hosanger kl 11: Familiegudsteneste. Nattverd. Sørheim. UtDELING av Godt Nytt til 11-åringane. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Sundag 10/2-2013, Fastelavenssundag

Hamre kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Haus kl 11: Familiegudsteneste / "karnevalgudsteneste". Tomren. UtDELING av bok til 6-åringane og til 11-åringane. Takkoffer til IKO.

Bruvik kl 17: Gudsteneste. Nattverd. Tomren. Osterøy Gospelkor deltek.

Onsdag 13/2-2013, Oskeonsdag

Gjerstad kl 19: Fastegudsteneste. Nattverd. Tomren. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Sundag 17/2-2013, 1. sundag i fastetida

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Jon Zimmermann. Takkoffer til Kirkens bymisjon.

Sundag 24.2-2013, 2. sundag i fastetida

Gjerstad kl 11: Gudsteneste med stor valfridom. Dåp. Jon Zimmermann. Takkoffer til Stefanusstiftelsen.

JULEKONSERTAR

Fredag 6 des.kl.19.00 held Osterøykoret adventkonsert i Hosanger kyrkje.
Jon Flydal Blichfeldt blir gjest på cello.

Søndag 8 des. kl.19.00 held Osterøykoret adventkonsert i Haus kyrkje.
Bergen kammerkor blir gjester.

Fredag 20 des.kl.20.00 held Osterøykoret og Osterøy janitsjar julekonsert i Gjerstad kyrkje.

3 K

Er du gut eller jente i 3.-7. klasse?
Likar du å laga noko med hendene dine?

Kom på 3k (kristen kreativ klubb) på
Fitje bedehus kl. 17.30 til 19.30:

25. januar
8. februar
22.februar
7. mars
21. mars

Det vert ulike handtverksaktivitetar, ein liten andakt og litt å bita i.

Det kostar 200 kr for desse 5 samlingane. Alle som er med i 3K får gratis medlemskap i Fitje søndagsskule.
Ta med ei utbrukt dongeribukse, om du har.

NB! Påmelding til: Gerd Karin Njåstad tlf.
48000637/56392253

Slekters gang

Døypte:

Haus

13.10.13 Vilde Hatletveit

Gjerstad

20.10.13 Solveig Sofie Skjerpning

20.10.13 Amanda Wiggin Hovden

20.10.13 Leah Øksnes

Hamre

08.09.13 Aurora Juliussen Forthun

29.09.13 Oskar Tveit Mjelde

29.09.13 Vetle Bernes Vedå

20.10.13 Julian Reigstad Fotland

20.10.13 Cassandra Borgstein Sandal

20.10.13 Viktor Mæhle Bakkemo

27.10.13 Sigmund Halland-Fyllingen (Hjelmås kapell)

Bruvik

22.09.13 Herman Romslo Hekland

03.11.13 Mathilde Lohne Bjerk (busett Indre Arna)

Hosanger

06.10.13 Mathias Helland Rønnestad

27.10.13 Henny Aakre Nybru (busett Oslo)

10.11.13 Léona Ingvarda Schønhardt-Kripaity

17.11.13 Lykke Seeberg-Risnes (Eid kyrkje)

Vigde:

Haus

31.08.13 Marie Bøe Myking og Jarle Hovland
(busett Godvik)

Hamre

07.09.13 Anita Langhelle og Frank Normann Sæterdal

Gravlagde:

Hosanger

27.09.13 Sigurd Thomassen (f.1924)

02.10.13 Ingrid Aakre (f.1927)

12.11. Janny Olivia Mostrøm Andrews (f.1931)

12.11. Anna Magnussen (f.1919)

Gjerstad

06.09.13 Solveig Gudrun Evensen(f.1924)

06.09.13 Audfrid Halland (f.1946)

10.09.13 Kåre Vevle (f.1936)

01.10.13 Astrid Løtveit (f.1922)

04.10.13 Agnes S Mulen (f.1927)

08.11.13 Magnhild Presttun (f.1927)

08.11.13 Brita Constance Borge (f.1931)

Hamre

05.09.13 Magnus Raniseth Horsås (f.2013)

13.09.13 Anna Myhre (f.1936)(bisett)

13.09.13 Margit Synneve Sulen (f.1923)

24.09.13 Arvid Andreas Vangen (f.1941)

01.10.13 Bjørn Eikeland (f.1951)

04.10.13 Sonja Helgesen (f.1947)

15.10.13 Birger Magnus Hamre (f.1939)

15.10.13 Perly Karine Widme (1946)(bisett)

Bruvik

18.10.13 Ingolf Johan Bruvik (f.1923)

24.10.13 Per Henning Thomsen (f.1957)
(gravlagt Bergen)

TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit vedmål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen

www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**

TRYKK: BODONI



TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

JESUS OG NISSEN

Korleis kan dette henge saman, tenkjer vi. Jesus og nissen representerer to heilt ulike innfallsvinklar til julefeiringa. Men julekortet som blei laga om lag år 1900 i Sverige, er ikkje meint som ein spøk. Heller ikkje er det laga for å gjera skam på dei som er avbilda. Vi skal sjå at nissen pluss Jesus faktisk heng saman på eit underleg vis.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Men då må vi først slå fast kva slags nisse han på kortet er. Denne karen kan ikkje vera ei framstilling av den heilnorske fjøsnissen, vettun som bur på låven og et graut. Nei, dette er Santa Claus, altså St. Nikolaus, biskopen i Myra. Han bar raud kappe, raud bispelue og delte ut gåver til trengjande i byen. Vi snakkar her om ein historisk person som vart fengsla under keisar Diokletian og som var med på kyrkjemøtet i Nikea i året 325. Og som seinare fekk helgenstatus i den katolske kyrkja. Minnedagen hans er 6. desember. Det eksisterer ei mengde legender og historier om kor gavmild han var, ikkje minst mot fattige barn.

Kortet viser at denne fromme mannen har med seg leikar til borna. Men den største og mest strålende julegåva han kan visa fram er Jesusbarnet. Den historiske Nikolaus er i vår moderne tid blitt avkristna og kommersialisert, plassert i feil geografisk sone og blitt utstyrt med eit framkomstmiddel dei nyttar i polare strok.

Ja, slik kan det gå.



Med ønskje om ei ikkje alt for hektisk adventstid og ei god jul, minner vi om at stoff som skal med i første nummer 2014 må vera innsendt innan 10. februar.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsøle

tillbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no